



**Etter ein litt treg start med påmeldinga har det no vorte stor interesse for Uskedalen Utvikling sin studietur til Åkrafjorden tysdag ettermiddag, melder Kristian Bringedal.**

No er det gledeleg nok 18 påmelde og med så mange er det tinga minibuss med 21 seter. Dersom nokre vil vera med og ikkje har fått meldt seg, er det med andre ord framleis plass, men da må dei ta kontakt med Bringedal måndag.

Program er sendt dei som allereie er innmeldt medan nye påmelde vil få dette i bussen.

Bussen går frå Grano klokka 14 og det blir retur over Skånevik klokka 19.25.

Det startar med ankomst til Åkrafjordtunet klokka 16 der dagleg leiar John Karsten Hustveit vil visa rundt i Fjordkultursenteret. Så blir det 'Fjordsafari' med ribbåt der lokalguide Nina fortel om historia og høgdepunkt langs fjorden.

Uskedalingane går i land på Eljervik gard inne i fjorden og blir beverta med lokalprodusert spekemat frå Lundal. Så blir det presentasjon av Åkrafjorden Oppleving og Landskapsparken ved Nina Kaltwasser og egil Ørjan Thorsen. Ho er fungerande prosjektleiar i Åkrafjorden Oppleving og Landskapsparken og han prosjektleiar for landbruk og reiseliv i Etne kommune.

Hensikten med turen er framfor alt at uskedalingane skal få impulsar til liknande utviklingstiltak i vår bygd. I tillegg får dei sikkert ei spanande oppleving.

Av Ola Matti Mathisen